

### VÆRET I DAG

Vi har gjort enkle prognoser for morgens vær i ulike deler av landet. Se på kartet.

### LANGTIDSVARSEL

TIRSDAG	FRIDAG
☀️ 11° ↗️ 2,3 m/s	☁️ 11° ↗️ 4,0 m/s
LAURDAG	SUNDAG
☁️ 11° ↘️ 2,1 m/s	☁️ 12° ↘️ 3,4 m/s

### SOLA & MÅNEN

IDAG		IMORGON	
Opp	04.26	04.25	
Ned	22.51	22.52	
Opp		03.15	
Ned		22.34	

### BØLGJEVARSEL

ONSDAG	Morgen: 1,8 m
	Middag: 1,7 m
	Kveld: 2 m
TORS DAG	Morgen: 1,9 m
	Middag: 1,7 m
	Kveld: 1,5 m

### KYSTVÆR

NORVLAND	
I slag	↗️ 4,6 m/s
I ranngea	↘️ 2,3 m/s
LANGFJELLET	
I slag	↘️ 1,8 m/s
I ranngea	↘️ 3,9 m/s

### FLO & FØRRE

IDAG		IMORGON	
↑	10.37	11.28	
↓	23.08	23.54	
↑	04.24	05.13	
↓	16.47	17.32	

### TURISTBYAR I DAG

Acapulco	+23	☀️
Algarve	+27	☁️
Alicante	+27	☀️
Kreta	+36	☀️
Larnaka	+33	☀️
Las Palmas	+22	☀️
Las Vegas	+27	☀️
Madeira	+14	☁️
Malaga	+28	☀️
Mallorca	+25	☀️
Miami	+27	☀️
Nice	+22	☁️
Phuket	+30	☀️
Rhodos	+41	☀️

Vil du annonsere her?

Ta kontakt med

982 50 142

annonse@bomlo-nytt.no

# Dei fekk til ein fin finale

Lite var meir høveleg enn ein konsert bygd på himmelske tonar frå dei siste 1000 åra, då jubileet for Kristenretten vart avslutta på Moster søndag kveld.

➤ **Nils-Tore Sele**  
nils.tore@bomlo-nytt.no

Konserten - sjølv jubileumsfinalen - var både eit musikalsk historiespel med tanke på religiøs musikk i Noreg i ein periode på 1000 år, men også ein takkekonsert, og eit samarbeid mellom Felleskristen komité og Moster 2024.

Artistar som Hanne Krogh, Inger Lise Rypdal, Åsne Valland Nordli og våre egne Arne Kvarven og Ingebjørg Andrea Ådnanes, gledde publikum undervegs, flott akkompagnert av eit solid band og prosjektkoret under leiing av Øystein Lund Olafsen.

Finalen på jubileumsveka på Moster starta litt forseinka søndag kveld, men levde opp til munnhellet om at den som ventar på noko godt, ventar ikkje forgjeves.

I to kveldstimar underheldt dei flinke artistane og deira musikalske støttespelarar publikum. Og dei som kom til amfiet kjende si vitjingstid. Ikkje ein ledig plass i heile konsertanlegget.

Best av alt, kanskje, når alt kom til alt, var at regnet heldt seg vekke under konserten. Viskarane måtte nok dei fleste



**VAKKERT:** Åsne Valland Nordli si tolking av religiøse folketonar, var ei nyting å lytta til under «Himmelske tonar gjennom 1000 år».

av oss setja i sving på frontruta på veg heimover etterpå.

Himmelske tonar hadde si urframføring i Trondheim 23. juni 2023, i Nidarosdomen, under St. Hans-helga. Framsyninga på Moster var tilpassa kristenrettjubileet sitt motto «Feire fortid, forme framtid».



**MEDRIVANDE:** Arne Kvarven i Moster Amfi, med eit stort kor i ryggen, eit solid band ved sida av seg og eit fullsett amfi føre seg. Ramma var sett for ei flott avrunding av jubileumsveka på Moster, søndag kveld.

ALLE FOTO: NILS-TORE SELE



**STORT:** Eit kor med 70 medlemmer, kalla prosjektkor, tok del under finalekonserten i Moster Amfi, søndag kveld. Medlemmene er frå kor i Bømlo og Sveio, nærare bestemt Bremnes kantori og Ad Libitum. Dirigent under konserten var Øystein Lund Olafsen.



**TENOR MED TRØKK:** Vår eigen Arne Kvarven imponerte under konserten, både i samsong med Åsne Valland Nordli men også på eiga hand. Han framførte mellom anna sin eigenskrivne, ferske «Huset», jubileumslåt for 1000-årsjubileet for Kristenretten.



**HEILSTØYPT:** Inger Lise Rypdal trollbatt publikum med sine tolkingar av «Maria-vise» og Aage Samuelsen-låten «O Jesus, du som fyller alt i alle».



**MUSIKALSK KRAFT:** Ingebjørg Andrea Ådnanes er eit vokalt kraftverk og ein eminent tolkar av gospelmusikk. Mot slutten av konserten fekk ho eit fullsett Moster Amfi opp på føtene, akkompagnert av eit botnsolid band.



**STARTA:** Haakon Georg Grung Moe og Tarjei Cyvin ønskte publikum velkomen til «Himmelske tonar gjennom 1000 år», på vegner av Felleskristen komité, som arrangerte konserten i samarbeid med Moster 2024.



**SJARM:** Hanne Krogh hadde publikum i Moster Amfi i si hule hand. Ho leia oss gjennom konsertprogrammet for kvelden på ein trygg og varm måte.